

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Rådhuset
Dato	13.05.2026
Tidspunkt	kl 09:30 - 13:30

Frammøtte	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Oddstein Haugen	AP
Geir Arve Sandvik	H
Andreas Wollnick Wiese	SP
Marianne Bugge	SP
Kjetil Melheim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Jonatan Hurthi	Krf	Knut Hauge	SP

Møtenotat

Marianne Bugge fekk permisjon kl. 13.00.

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad, ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen, kommunalsjef John Olaf Røhme i sak 69, økonomisjef Odd Harald Dommersnes via telefon i sak 82 og 83, Anita Bjørk Ruud i sak 77 og 78.

Underskrifter:

Oddstein Haugen

Geir Arve Sandvik

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
66/26	Konstituering av møte
67/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
69/26	Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg
68/26	Lån frå næringsfondet - forskottering av spelemidlar til Sogn skisenter - Sprintløype
70/26	Søknad om lån frå næringsfondet - utviding av driftsbygning og produksjon på gbnr. 100/1
71/26	Søknad om lån frå næringsfondet - Ombygging av driftsbygning på gbnr. 133/26
72/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Vidareutvikling av Kroken Fjordgard - Veivåg Aase Epler
73/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Ny satsing og vidareutvikling av verksemd - Bøtun - Martin Buch Larsen
74/26	Tilskotssøknadar til næringsfondet vår 2026
75/26	Kommunalt initiativ til jordskiftesak i Solvorn
76/26	Høyring - forslag til forskrift om cruiseavgift
77/26	Høyring - forslag til endringar i vallova, krinsvis oppteljing av førehandsrøyster
78/26	TV-aksjonen 2026 - Flyktninghjelpen. Kommunal løyving og val av kommunal komité
79/26	Skjenkeløyve - DALSDØREN CAMPING
80/26	Skjenkeløyve - SKJOLDEN CRUISEKAI AS
81/26	Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025
82/26	Årsrapport for 2025 Luster kommune
83/26	Kvartalsrapport 1. kvartal
84/26	Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp
85/26	Kommunesamarbeid
86/26	Administrative orienteringar
87/26	Politiske drøftingar og open post
88/26	Referatsaker
89/26	Delegerte saker
90/26	Årets bedrift 2026
91/26	Oppnemning av settekommunedirektør - endring av Skjolden storvald

66/26 Konstituering av møte

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

- Opprop, *forfall Jonatan Hurthi, vara Knut Hauge.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste. Godkjent med tilleggssak 91.
- Godkjenning av dagsorden. Godkjent at sak 82 og 83 vert handsama tidlegare i møtet (etter sak 73)
- Oddstein Haugen og Geir Arve Sandvik vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

FSK - 66/26 vedtak

Oddstein Haugen og Geir Arve Sandvik vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

67/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

FSK - 67/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 15.04.26 vert referert utan merknader.

69/26 Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte i møtet.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 69/26 vedtak

Nytt helse – og omsorgssenter:

1. Nytt helse- og omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anskaffing av totalentreprenør og utarbeide forprosjekt.
3. Det vert lagt til grunn ei total kostnadsramme på 765 mill. kr for prosjektet. Ramma vert innarbeidd i økonomiplanen, med atterhald om endeleg investeringsvedtak etter gjennomført forprosjekt.
4. For å redusere presset på kommuneøkonomien vert det henta 100 mill. kr frå kommunen sitt disposisjonsfond til finansiering av prosjektet.
5. Gjennom forprosjektet skal prosjektet utviklast innafor ei økonomisk ramme der Luster kommune sitt lånebehov for investeringa ikkje overstig 371 mill. kr.
6. Utarbeidd miljøprogram skal vere styrande for vidare planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjektet.
7. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Gaupne omsorgssenter:

8. Fornying av Gaupne omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka.
9. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Helsesenteret:

10. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Helsesenteret. Vurderingstema kan vere: NAV/Tenestekontor/transformasjon til bustader.

68/26 Lån frå næringsfondet - forskottering av spelemidlar til Sogn skisenter - Sprintløype

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 68/26 vedtak

Luster kommune forskoterer spelemidlar til Sogn Skisenter sitt anlegg sprintløype ved Sogn Skisenter Hafslo (anleggsnummer 58888) med inntil kr 4 431 000. Forskottinga vert finansiert via eit rentefritt lån i næringsfondet.

70/26 Søknad om lån frå næringsfondet - utviding av driftsbygning og produksjon på gbnr. 100/1

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 70/26 vedtak

Formannskapet gjev eit næringslån i næringsfondet stort kr 500 000 til Erlend Kjølraug Larsen. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halv rentesats av øvrige næringslån i resten av perioden. Lånet skal sikrast med pant i eigedomen.

71/26 Søknad om lån frå næringsfondet - Ombygging av driftsbygning på gbnr. 133/26

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 71/26 vedtak

Formannskapet gjev eit næringslån i næringsfondet stort kr 1 839 000 til Øyvind Skovly. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halve rentesatsen av øvrige næringslån i resten av perioden. Lånet skal sikrast med pant i eigedomen.

72/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Vidareutvikling av Kroken Fjordgard - Veivåg Aase Epler

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 72/26 vedtak

Formannskapet gjev Kroken Gard/Veivåg Aase Epler v/Marte Veivåg Aase eit næringslån i næringsfondet stort kr 300 000 til utvikling av verksemda. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 8 år. Lånet er eit pantelån med pant i eigedommen.

73/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Ny satsing og vidareutvikling av verksemd - Bøtun - Martin Buch Larsen

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kjetil Melheim tok opp spørsmål om habilitet, nært vennskap til søker. Formannskapet vedtok at han er ugild ut frå forvaltningslova § 6 andre ledd. Melheim gjekk frå som ugild.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 73/26 vedtak

1. Formannskapet gjev Bøtun Gard v/Martin Buch Larsen eit næringslån i næringsfondet stort kr 270 000 til vidareutvikling av verksemda si. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 8. år. Lånet er eit pantelån.
2. Halve lånet har ordinær rentesats og halve lånet følgjer rentesats for driftsbygningar i landbruksnæringa.

74/26 Tilskotssøknadar til næringsfondet vår 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet gjev følgjande løyvingar i første tildelingsrunde 2026 av bedriftsutviklingstilskot frå næringsfondet:

	Verksemd og omsøkt tiltak	Løyving
1	Breheimsenteret <i>Innkjøp av 25 VR-briller til undervisningsopplegget Villrein i VR</i> Bøtun gard	kr 0
2	<i>Utviding av primærproduksjon, vidareforedling og nasjonalt sal av foredla produkt</i>	kr 50 000
3	Elvepurka <i>Ny møte- og aktivitetsbase, produktutvikling og marknadsføring</i>	kr 50 000
4	Fortunsdalen besøkssenter / Vestlandsforskning <i>FoU-prosjektet Stølsløftet – berekraftig verdiskaping</i>	kr 50 000
5	Hafslo Bilsenter <i>Utvikling av restaurant- og cateringkonseptet Stolpen</i>	kr 50 000
6	Jostedal Handel <i>Full oppgradering av drivstoffanlegg</i>	kr 60 000
7	Lun Frisør <i>Etablering av frisørkonsept i nytt lokale (samarbeid annan frisør)</i>	kr 40 000
8	Luster Bedehus <i>Fasadeutbetring og ny inngang</i>	kr 0
9	Luster Fjordhytter <i>Investering i heilårleg opplevings- og transportbåt</i>	kr 70 000
10	Lustramarknaden <i>Gjennomføring av Lustramarknaden 2026 (40-årsjubileum)</i>	kr 85 000
11	Lyngmo Ungdomssenter <i>Nye campinghytter og oppgradering av tilkomst/parkering</i>	kr 50 000
12	Raaum gard <i>Via Ferrata Sognefjord og Sognefjordtrappa</i>	kr 120 000
13	Sandvik Camping <i>To nye heilårshytter og marknadsarbeid</i>	kr 50 000
14	Skjolden bygdalag <i>Restaurering og sikring av ferdselsveg til Sengaberget</i>	kr 0
15	Skjolden Cruise kai <i>Forprosjekt landstraumanlegg for cruiseskip</i>	kr 100 000
16	Sogn Motor AS <i>Bedriftsutvikling ved restrukturering og etablering av MC-senter</i>	kr 100 000
17	Stiftinga Ormeli <i>Offisiell opning av Ormeli (arrangement)</i>	kr 60 000
18	Veglaget Svensøy - Leirhuset <i>Etablering av ferist for trygg ferdsel og dyrehald</i>	kr 0
	Sum løyvd	kr 936 000

2. Dersom det er restmidlar etter tildelingsrunde for andre halvår 2026, vil formannskapet vurdere om det er tiltak i første søknadsrunde som har fått avslag eller avkorta tilskot som skal få auka tilskotssum

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kjetil Melheim tok opp spørsmål om habilitet, nært vennskap til søkjar. Formannskapet vedtok at han er ugild ut for forvaltningslova § 6 andre ledd. Melheim gjekk frå som ugild i handsaming av heile saka.

Knut Hauge har nært slektskap til søkjar. Formannskapet vedtok at han er ugild ut for forvaltningslova § 6 fyrste ledd nr. b. Hauge gjekk frå som ugild i handsaming av heile saka. Formannskapet handsama også søknad frå Bergtattfestivalen i saka. Framlegg i møtet om å løyve kr. 100.000,-.

Kommunedirektøren si tilråding, og framlegg om løyving til Bergtattfestivalen vart samrøystes vedteken.

FSK - 74/26 vedtak

1. Formannskapet gjev følgjande løyvingar i første tildelingsrunde 2026 av bedriftsutviklingstilskot frå næringsfondet:

	Verksemd og omsøkt tiltak	Løyving
1	Breheimsenteret <i>Innkjøp av 25 VR-briller til undervisningsopplegget Villrein i VR</i> Bøtun gard	kr 0
2	<i>Utviding av primærproduksjon, vidareforedling og nasjonalt sal av foredla produkt</i>	kr 50 000
3	Elvepurka <i>Ny møte- og aktivitetsbase, produktutvikling og marknadsføring</i>	kr 50 000
4	Fortunsdalen besøkssenter / Vestlandsforskning <i>FoU-prosjektet Stølsløftet – berekraftig verdiskaping</i>	kr 50 000
5	Hafslo Bilsenter <i>Utvikling av restaurant- og cateringkonseptet Stolpen</i>	kr 50 000
6	Jostedal Handel <i>Full oppgradering av drivstoffanlegg</i>	kr 60 000
7	Lun Frisør <i>Etablering av frisørkonsept i nytt lokale (samarbeid annan frisør)</i>	kr 40 000
8	Luster Bedehus <i>Fasadeutbetring og ny inngang</i>	kr 0
9	Luster Fjordhytter <i>Investering i heilårleg opplevings- og transportbåt</i>	kr 70 000
10	Lustramarknaden <i>Gjennomføring av Lustramarknaden 2026 (40-årsjubileum)</i>	kr 85 000
11	Lyngmo Ungdomssenter <i>Nye campinghytter og oppgradering av tilkomst/parkering</i>	kr 50 000
12	Raaum gard <i>Via Ferrata Sognefjord og Sognefjordtrappa</i>	kr 120 000
13	Sandvik Camping <i>To nye heilårshytter og marknadsarbeid</i>	kr 50 000
14	Skjolden bygdalag <i>Restaurering og sikring av ferdselsveg til Sengaberget</i>	kr 0
15	Skjolden Cruise kai <i>Forprosjekt landstraumanlegg for cruiseskip</i>	kr 100 000
16	Sogn Motor AS <i>Bedriftsutvikling ved restrukturering og etablering av MC-senter</i>	kr 100 000

17	Stiftinga Ormeli <i>Offisiell opning av Ormeli (arrangement)</i>	kr 60 000
18	Veglaget Svensøy - Leirhuset <i>Etablering av ferist for trygg ferdsel og dyrehald</i>	kr 0
19	Bergtattfestivalen	kr 100 000
	Sum løyvd	kr 1036 000

2. Dersom det er restmidlar etter tildelingsrunde for andre halvår 2026, vil formannskapet vurdere om det er tiltak i første søknadsrunde som har fått avslag eller avkorta tilskot som skal få auka tilskotssum

75/26 Kommunalt initiativ til jordskiftesak i Solvorn

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 75/26 vedtak

Formannskapet i Luster kommune viser til kommunedirektøren si vurdering, og ber administrasjonen starte ein prosess med mål om at jordskifteretten skal klargjere eigedomstilhøva i Solvornstrondi frå kommunen sitt areal (gbnr 177/16) og fram til Skrivargarden (gbnr 174/1) i tråd med prosess skissert i saksutgreiinga.

76/26 Høyring - forslag til forskrift om cruiseavgift

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Luster kommune støttar innføring av cruiseavgift og meiner ordninga er eit nødvendig verkemiddel for berekraftig besøksforvaltning i vertskommunar.
2. Luster kommune legg særleg vekt på at:
 - a. avgiftsinntektene i hovudsak skal tilfalle vertskommunen
 - b. midlane skal kunne nyttast til lokale fellestiltak og avbøtande tiltak
 - c. cruiseavgifta må kunne nyttast som styringsverkemiddel, ikkje berre finansiering
 - d. ordninga må ta omsyn til kommunar med private cruisehamner
3. Luster kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet bør vurdere å opne for at kommunane får høve til å nytte differensiert avgift per passasjer, til dømes basert på utslepp eller tal passasjerar per skip.

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Endringsframlegg i møtet:

Pkt 2 b) midlane skal nyttast til lokale fellestiltak og avbøtande tiltak

Kommunedirektøren si tilråding, med endringsframlegg i møtet vart samrøystes vedteken.

FSK - 76/26 vedtak

1. Luster kommune støttar innføring av cruiseavgift og meiner ordninga er eit nødvendig verkemiddel for berekraftig besøksforvaltning i vertskommunar.
2. Luster kommune legg særleg vekt på at:
 - a. avgiftsinntektene i hovudsak skal tilfalle vertskommunen
 - b. midlane skal nyttast til lokale fellestiltak og avbøtande tiltak
 - c. cruiseavgifta må kunne nyttast som styringsverkemiddel, ikkje berre finansiering
 - d. ordninga må ta omsyn til kommunar med private cruisehamner
3. Luster kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet bør vurdere å opne for at kommunane får høve til å nytte differensiert avgift per passasjer, til dømes basert på utslepp eller tal passasjerar per skip.

77/26 Høyring - forslag til endringar i vallova, krinsvis oppteljing av førehandsrøyster

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 77/26 vedtak

Formannskapet vedtek å sende vedlagde forslag til høyringssvar innan høyringsfristen.

78/26 TV-aksjonen 2026 - Flyktningshjelpen. Kommunal løyving og val av kommunal komitè

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 78/26 vedtak

Formannskapet vel følgjande til TV-aksjonskomitè for 2026:

Geir Arve Sandvik, leiar

Marianne Bugge, Ornes

Ole Martin Brennsæter, Fortun

Anne Marie Bolstad, Skjolden

Finn Roald Skare, Luster

Arne Bondevik, Høyheimsvik

Erling Sperle, Jostedal

Torbjørn Tuften, Gaupne

John Havellen, Gaupne

Lene Fuhr Sandvik, Luster Sparebank

Knut Hauge, Indre Hafslo

Bergljot Buskaker, Hafslø
Steffen Hilleren, Solvorn
Jimmy Hilleren, Veitastrand.
Luster kommune støtter TV-aksjonen med kr. 25.000,-
Midlane vert løyvd av posten 14740 107 28510, bidrag til innsamlingsaksjonar.

79/26 Skjenkeløyve - DALSFØREN CAMPING

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 79/26 vedtak

1. Dalsøren Camping, med org.nr. 999337104, får innvilga skjenkeløyve for Dalsøren Camping
2. Skjenkeløyvet innandørs gjeld i spiseområde i resepsjon (28 m2) og gjeld for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2. Utandørs gjeld løyvet terrasse (50 m2) med gjerde rundt.
3. Skjenketida inne for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 til 01.30. Ute skal all skjenking vera avslutta kl. 23.00.
4. Skjenkestyrar er Thomas Dalsøren og reservestyrar er Hanne Hoff.
5. Skjenkeløyvet gjeld til 19. mars 2030

80/26 Skjenkeløyve - SKJOLDEN CRUISEKAI AS

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 80/26 vedtak

1. Skjolden Cruise kai AS, med org.nr. 984177739, får innvilga skjenkeløyve for det nye resepsjonsbygget til Skjolden Resort, under Skjolden Cruise kai AS.
2. Skjenkeløyvet innandørs gjeld i spiseområde i resepsjon (60 m2) og gjeld for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2. Utandørs gjeld løyvet terrasse (60 m2) med gjerde rundt.
3. Skjenketida inne for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 til 01.30. Ute skal all skjenking vera avslutta kl. 23.00.
4. Skjenkestyrar er Anne Merethe Feigum og reservestyrar er Pawel Iwan.
5. Skjenkeløyvet gjeld til 19. mars 2030

81/26 Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 81/26 vedtak

Kommunestyret tek årsmeldinga frå rådet for personar med funksjonsnedsetting 2025 til orientering.

82/26 Årsrapport for 2025 Luster kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek kommunedirektøren sin årsrapport for 2025 til orientering
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2025 med netto driftsresultat på 33 162 000,-. Den konsoliderte årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat med 32 867 000,-.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med sum investeringsutgifter på 109 937 000,- kr i både kommunekassa og den konsoliderte rekneskapen.

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte om at det er avklart med Statsforvaltar at kommunestyret ikkje treng eige vedtakspunkt om investeringsrekneskapen i og med at det alt er ein del av rekneskapen.

Kommunedirektøren si tilråding, men endring orientert om i møtet, vart samrøystes vedteken.

FSK - 82/26 vedtak

1. Kommunestyret tek kommunedirektøren sin årsrapport for 2025 til orientering
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2025 med netto driftsresultat på 33 162 000,-. Den konsoliderte årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat med 32 867 000,-.

83/26 Kvartalsrapport 1. kvartal

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Formannskapet ønskjer å få ei orientering og vurdering av verknad for lønsområdet etter EU-dom om deltidsarbeid og overtidsbetaling.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 83/26 vedtak

Kommunestyret tar regnskapet for fyrste kvartal til orientering.

84/26 Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 84/26 vedtak

1. Luster kommune vedtek samarbeidsavtale om miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Luster kommune delegerer til Sogndal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 3 i samarbeidsavtalen, og gjeld frå vertskommunesamarbeidet er etablert.

85/26 Kommunesamarbeid

Fråsegn frå Sognaregionen om føreslegne endringar i konkurransegrunnlaget om regional flyrutedrift i Sør-Noreg frå 1.nov 2027. Sjå vedlegg.

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Det vart informert i møtet om framlagt uttale.

FSK - 85/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

86/26 Administrative orienteringar

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Orientering frå kommunedirektøren:

- Flaumsikring Skjærsgrovi. *Tiltak vert sett i verk, vesentleg for å redusere skadeverknader.*
- Sprengstofflager, jf. referatsak. *Prosess med grunneigar for å etablere sprengstofflager på ny plass.*
- Oppdatering arealplanar. *Status områdeplan Hafslo, blir utlagt på andre gongs høyring, inkluderer illustrasjon med fotballhall på Hafslo. Sentrumsplan i Gaupne og Gaupnegrandane, arbeider for slutthandsaming i kommunestyret før sommaren. Kommuneplanen sin arealdel, Fylkeskommunen og Statsforvaltar har fått høyringsfrist i slutten av mai. Riksantikvaren opprettheld motsegn på småbåthamn. Politisk handsaming til hausten.*
- Endringar i konsesjonskraftordninga. *Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) sin uttale. Administrasjonen gjorde merksam på lenke til uttalen.*

Samrøystes vedtak: Møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, tredje ledd pkt. b., jf. offentleglova § 23 fyrste ledd.

Kommunedirektøren informerte om forretningsforhold for to verksemder i kommunen.

FSK - 86/26 vedtak

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

87/26 Politiske drøftingar og open post

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Ordførar føreslo at det vert informert når fleire generalforsamlingar/årsmøte er gjennomført.

Open post:

Formannskapet etterspurde informasjon i eit seinare møte om integreringsarbeidet for flyktningar, jf. orientering i kvartalsrapporten.

Formannskapet ber om at det blir vurdert om bondens nettverk kan bli etablert i Luster for å førebygge psykisk uhelse i landbruket. Dette er etablert i Vik.

FSK - 87/26 vedtak

Administrasjonen føl opp førespurnadane under open post.

88/26 Referatsaker

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til framlagde referatsaker.

FSK - 88/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

89/26 Delegerte saker

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til dei delegerte sakene.

FSK - 89/26 vedtak

Informasjon om delegert saker vert teken til orientering.

90/26 Årets bedrift 2026

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, tredje ledd pkt. b., jf. offentleglova § 26 andre ledd. Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

FSK - 90/26 vedtak

Formannskapet vedtek at xxx blir "Årets bedrift 2026".

Vedtaket blir offentleggjort ved overrekking av prisen på Lustramarknaden i juni.

91/26 Oppnemning av settekommunedirektør - endring av Skjolden storvald

Formannskapet 13.05.2026

Handsaming

Ordfører Andreas Wiese, kommunedirektør og ass kommunedirektør gjekk frå som ugilde. Varaordfører Geir Arve Sandvik leia møtet under handsaming av saka.

Varaordfører si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 91/26 vedtak

På bakgrunn av saksutgreiinga vedtek formannskapet:

1. Formannskapet tek til vitande at ordfører er vurdert som ugild i saka om samansetjing/deling av Skjolden storvald, jf. kommunelova § 11-10 første avsnitt, jf. forvaltningslova § 6 første avsnitt bokstav a.
2. Formannskapet tek til vitande at kommunedirektøren er vurdert som inhabil i same sak, og difor ikkje kan førebu saka på vanleg måte, jf. forvaltningslova § 6 første avsnitt bokstav a, jf. tredje avsnitt.
3. Formannskapet rår til at kommunestyret vedtek å oppnemne ein eksternt settekommunedirektør for denne konkrete saka for å ivareta saksførebuing og saksframlegg i saka om Skjolden Storvald
4. Formannskapet føresler at kommunedirektøren i Sogndal blir oppnemnt som settekommunedirektør i denne konkrete saka. Kommunestyret må gjere vedtak om tilsetjing av settekommunedirektør.